

## BLAD

Returadresse:  
Kyrkjebakken  
Austrheimsvegen 1262  
5943 Austrheim

fasteaksjonen.no

**BLI  
BØSSEBERAR  
DU ÒG!**

Kvar dag hentar Kila rent vann ved vass-stasjonen. Vatnet kjem frå den 120 meter djupe brennen som ligg i landsbyen i Etiopia fekk frå Kirkens Nødhjelpe i fjor.

Før førjet folk landsbyen grunna sjukdommar dei fekk frå det urmune vatnet.

No ser Kila på framida med helse. Ho gler seg over kvar dag ho er frisk og kan gå på skulen, samstig som ho arbeider på gården.

Vipps til 2426 eller SMS VANN til 2426 (200,-)

I dag lever 1 av 9 menneske i verda utan tilgang til rent vann. For 200 kroner kan du gje eitt menneske tilgang til rent vann resten av livet.

KIRKENS NØDHJELPS FASTEAKSJON - 31. MARS

Ta kontakt med kyrkjekontoret 56 16 72 90 eller post.astrheim@kyrkja.no og meld deg som bøsseberar

Nr. 02- 2020 Februar nummeret 49. årgang Nytt stoff innan 10. mars 2020



# KYRKJE BAKKEN

Informasjonsblad for Austrheim sokn



## KYRKJESKYSS

Treng du skyss for å kome deg til gudsteneste?

Då kan du ringe kyrkjekontoret  
tlf. 56 16 72 90 (før fredag kl. 14)  
Eldbjørg Vikane tlf. 95 94 77 35  
eller Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90

## Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydkontoret, 5943 Austrheim  
Tlf. 56 16 72 90  
E-post: post.austrheim@kyrkja.no  
www.austrheimkyrkja.no

**Kontortider:**  
Sokneprest: Trefttid etter avtale

**Bustadtelefonar:**  
Sokneprest Rune Minde 90 69 53 77  
Kyrkjevejer Leif Arne Økland 40 06 52 31  
Organist og kyrkjelydspedagog  
Jostein Hauge 40 46 62 11  
Kyrkjetenar Gry Haukeland 41 30 85 58  
Soknerådsleiar Helge Dyrkolbotn 41 66 26 10

## KYRKJEBAKKEN

### Redaksjonen

Utgjavar: Austrheim sokneråd

Redaksjon: Jostein Hauge  
Jorunn Kårdal  
Britt Rebnord  
Leif Arne Økland

Bankgiro: 3490.07.04196

E-post: kyrkjeba@online.no

# Gudstenester

I A U S T R H E I M S O K N

## Det skjer:

**04.mars kl. 18.00 – Årsfest  
i kyrkjelydshuset**

**08.mars Gudsteneste i kyrkjelydshuset  
kl. 11.00  
ved Rune Minde. Dåp**

**27.mars Gudsteneste for alle  
kl. 18.00 i kyrkja**

**29.mars Jazzgudsteneste  
kl. 20.00 i kyrkja.  
Koret Felix deltek.**



# DU SOM LÅG I NATTI SEINE

Vi er i fastetida. Den innbyr til refleksjon og stille ettertanke.

Ein av dei såraste, men og varaste, salmane vi har i salmeboka har nettopp dette preget. Den er skrive av Jakob Sande. Han kalla den rett og slett Salme, og den kom ut i diktsamlinga «Storm frå vest» i 1931.

Jakob Sande hadde eit liv som ikkje berre hadde solskinsdagar, og det han skreiv speglar og av dette spennet. I diktet «Så fann dei han Ole Johan....»

skildrar han eit svært makabert likfunn, og ein annan stad skriv han: «**I morgen vil eg byrja på eit nytt og betre liv, trur eg....»**

Men så har han altså og skrive denne djupt personlege skildringa av Jesu kamp den siste natta han levde, i hagen Getsemane:

**«Du som låg i natti seine,  
sorgtyngd, vanvord og åleine.»**



I siste verset ber Sande:  
**«Lær mi sjel kor du laut lida,  
syn meg såret ditt i sida,  
styrk og nør mi veike tru.»**

Denne bøna viser noko av det innerste i den kristne trua:

Guds styrke syner seg ved at han og kan vera sårbar og svak. Jesus trong sine nærmeste vener rundt seg denne natta i Getsemane. Gud kjenner våre livs kampar, frå innsida.

Det andre er at den kristne trua rettar seg fyrt og fremst til den som ikkje får livet sitt til. Det er ikkje den feilfrie som treng nåde, men den som ser og innser at livet ikkje er feilfritt, og som opnar opp for nådens varme, livgjevande straum. Til og med venene Jesus hadde med seg inn i hagen sovna:  
**«Å, lat nådens blodstraum nå meg.»**

**Rune Mindre**



# Kyrkjebøkene i Austrheim

## Gravlagde

14.februar : Heidi Håland f. 1972

## Døypte



26.januar:

- Bella Vikene Isaksen
- Daniel Tellevik Jordalen

16.februar:

- Ailena Olsson Fadnes



## UTGJEVINGSPLAN KYRKJEBAKKEN

- o **Frist: 10.mars –**
- o **Frist: 15.april –**
- o **Frist: 12.mai –**
- o **Frist: 09.juni –**

**ut 26.mars  
ut 30.april  
ut 28.mai  
ut 25.juni**



Innkalling til  
**ÅRSMØTE**  
i Stiftelsen Betania Lervåg  
torsdag 26. mars 2020 kl. 19:00 på  
Lervåg Bedehus

Saksliste:

- Velkomst
- Val av møteleiar
- Årsmelding
- Rekneskap
- Budsjett og årsplan
- Endring av vedtektena
- Val
- Avslutning

Etter årsmøtet vert det enkel servering  
Alle velkomne!

For styret i Stiftelsen Betania Lervåg  
Harald Odd Sognnes  
Leiar



## Hjarteleg takk


for gåva og besök  
frå diakoninemnda.



Hellsing Edny W Pedersen»

## Hjarteleg takk

Hjarteleg takk til diakoninemnda for  
helsinga eg fekk til 84 - års dagen.



Helsing Idar Kaland

# Jeg har en venn

Tekst: V. Kristensen; Mel: Ukjent



*Grethe Andvik*

Jeg har en venn som har gitt sitt liv  
for at jeg skal få leve.  
Det finnes intet alternativ,  
det nytter ikke å streve.  
**Fordi jeg lever så milevidt**  
ifra Guds vilje med livet mitt,  
fikk jeg dommen slik lød den:  
**Du skal dømmes til døden!**

Denne dommen er absolutt,  
og jeg kan ikke anke.  
Men når jeg innser at alt er slutt,  
har Gud en frelsende tanke:  
Til jorden sender han Jesus som  
tar på seg både min skyld og dom,  
og når han dreper uskyldig,  
blir min dødsdom ugyldig.

Tenk, jeg skal ikke dø fordi  
Jesus døde i stedet!  
All min dødsangst er nå forbi,  
den er byttet med glede.  
Ja, Jesus, hjelp meg å klart forstå  
at det livet jeg lever nå,  
det er ditt liv alene,  
det er deg jeg skal tjene

Jeg har valgt meg denne sangen, fordi den har en frisk melodi samtidig som den forklarer evangeliet klart, med et dagligdags språk. Jeg lærte den i den tiden jeg gikk på Yngres hos Tormod Mosland og på leir på Raknestunet. Og vi synger den enda på møte på bedehuset. Vi kan nok tenke at vi er gode mennesker, sett med våre egne øyne, og kanskje i andres øyne også, men framfor den Hellige Gud holder vi ikke mål. „*..for alle har syndet og mangler Guds herlighet. Men ufortjent og av hans nåde blir de kjent rettferdige, frikjøpt i Kristus Jesus.*“ Rom 3, 23-24  
Vi kan ikke møte Gud slik vi er.

Vi hører mye om Guds kjærlighet, og kan av og til få inntrykk av at Gud er snill og overbærende, men det er ikke det bibelen lærer oss. Det står om Guds kjærlighet i 1.Joh.4.9-10: „*Og ved dette ble Guds kjærlighet åpenbart blant oss, at Gud sendte sin enbårne Sønn til verden for at vi skulle leve ved ham. Ja, dette er kjærligheten, ikke at vi har elsket Gud, men at han har elsket oss og sendt sin Sønn til soning for våre synder.*“ Dette gjør at jeg kan komme frimodig til Gud, han dømmer ikke meg, for han dømte Jesus. Derfor kan jeg glede meg også i tunge tider.

## Min salme



Norske Kvinner's  
Sanitetsforening

# Årsmøte

i Lindåsneset sanitetslag  
onsdag 4.mars 2020 kl.18.00  
på sanitetshuset på Litlås  
Vanlege årsmøtesaker  
Val  
Saker ein ynskjer å ta opp må  
vera styret i hende innan 28.februar 2020  
Vel møtt  
Styret

# ÅRÅS BEDEHUS

Tirsdag 3. mars kl 19:00 Bønnekveld

Søndag 8. mars kl 11:00 Formiddagsmøte. Reidun Skurtveit talar.

Søndag 15. mars kl 11:00 Formiddagsmøte. Besøk av Nordhordlandsmusikken

Fredag 20. mars kl 17:30 Basar! Inntekt til Nordhordland Indremisjon.

Søndag 29. mars kl 11:00 Formiddagsmøte

Tirsdag 31. mars kl 19:00 Bønnekveld

Mandag 13. april kl 11:00 Møte med nattverd. Odd Sverre Hove talar.

Søndag 26. april kl 11:00 Formiddagsmøte, Chirstian Skoge talar.

Velkommen til samlingane! [www.austrheimindremisjon.no](http://www.austrheimindremisjon.no)

Austrheim Indremisjon på Facebook.



## Konsert i Knarvik kyrkje:

Solveig Leithaug saman med dotter Kari Julianna og Knarvik Gospel. Mange nordmenn synest Solveig Leithaug (53) alltid har vore her. Kanskje fordi ho alt som 18-åring debuterte med plata Askepott. Fleire tiår før jenter med eminent gitarspel og eigenkomponerte låtar dominerte popverda, var ho der, artisten frå ein av Nordhordlands mest musikalske familiar. Sidan 1985 har det blitt elleve norske og sju engelske album, og musikalske oppdrag over heile verda i tjue land. Dei siste 20 åra har Solveig Leithaug vore busett i USA. Ho har

blitt tatt varmt imot i sitt andre heimland og har motteke fleire utmerkingar, mellom anna den prestisjefylte Dove Awards. Hennar samarbeid med Gloria og Bill Gaither & Homecoming Friends har m.a. ført henne til countryen si storstove, Grand Ole Opry - ein konserthall svært få nordmenn har hatt æra av å opptre i. Solveig kan i vår feire 35 år som plateartist og ho besøker ti norske byer våren 2020 med konsertturneen Vårlys der hennar dotter Kari Julianna også deltek med song. Til Knarvik kyrkje kjem dei

fredag 13 mars der også Knarvik Gospel blir med. Publikum vil få oppleve hennar sterke melodiar og ærlege tekstar, som favner breidt og speiler livet, i tema som kjærleik, sorg, trøyst, tru og håp. Repertoaret spenner frå Solveig sine nyare kritikerroste innspelingar Riverside - Hymns & Spiritual Songs, Time, Finding Home, og heilt tilbake til hennar klassikarar frå 80-talet. Ho kan med rette kallast ein sjangeroverskridane artist og hennar tolkingar av tradisjonelle salmar og folketonar blir omtala som

nyskapande. Solveig er ein artist som appellerer til fleire generasjonar og musikalske sjangrar som roots, Americana, pop og vise.

**Konserten i Knarvik kyrkje er fredag 13.mars kl 19.00 og billettar kan kjøpast på nett på TicketCo.no, eller ved inngangen. (Enkeltbillett kr. 250, familiebillett (med born under 16 år) kr 650**

*Sjå også info på Facebook/Knarvik Gospel*



# thk - aksjon for ukraina på Årås skule

Mellomtrinnet på Årås skule vil også i år ha solidaritetsprosjekt for å hjelpe born, unge og voksne i Ukraina. Me samarbeider med THK, som står for tro, håp og kjærlighet.

I samband med aksjonen vert det høve til å levera ulike formar for bruksting på skulen fram til THK-kvelden 25. mars. Dette kan vere: Reine, brukte klede, sko, leikar, ullteppe, sengetøy, hygieniske artiklar som såpe, tannkrem og tannbørste samt teikne- og skriveutstyr. Det er ønske fra THK at ein betalar eit fraktkost på kr. 50 for kvar sekk ein leverar. Betal til Ailin på kontoret.

Det vert "THK-kveld" på skulen, i C-blokka, onsdag 25. mars kl. 18.00. Her vert det litt program ved elevane våre, ulike aktivitetar og kafé, alt til inntekt for Ukraina.

Elevane vil arbeida med veggaviser om barnerettar i forkant. Me håpar mange vil sjå kva me har jobba med på skulen. I tillegg skal elevane ha arbeidsdag fredag 20.mars og dei skal selje lodd. Kontaktpersonar for prosjektet er lærarane på mellomtrinnet.

**Alle er velkomne!!  
Helsing elevar og voksne i C-blokka**



## UTBETRINGA I KYRKJA: DET GÅR FRAMOVER

Arbeidet i kyrkja går framover og enn så lenge etter planen. Det er no laga hol i golvet rundt kvar av dei 4 bæresøylene som skal bytast ut. Planen er å gjenbruka det vi kan av furugolvet som er fjerna. Like under dette golvet ligg varmemattene (eswa), som vart lagt i 1987. Dei som la dette har gjort ein god jobb, for vanlegvis tek eit slikt anlegg kvelden før det er 30 år gammalt. Planen er å ha eswa varmen endå nokre få år, før vi går over til alternativ oppvarming.

Det er no armert og støypt rundt alle søylene (sjå biletet). Betongen har kome med pumpebil, sidan det er ganske mange kubikkmeter som skal fyllast opp som fundament for kvar søyle. Betongslangen

på pumpebilen er 30 meter lang, så det har ikkje vore vanskeleg å koma til. Alle søylene har stått på brotsteinsmurar. Desse murane var sjølv sagt tørrmurar. No er tørrmurane støypt inn i dei nye betongfundamenta. Før søylene vert fjerna, skal det setjast opp midlertidige skrusøyler. Desse søylene vert ikkje montert før betongen har sterkna lengre nok.

Det er no sett opp stillas rundt koret. Her skal taksteinen bli tatt ned og gjenbrukast. Det skal lagast nytt undertak og tettast, før taket vert lagt på nytt igjen. Medan taket er vekke, får ein samstundes tatt inn jerndragarane som skal inn på loftet og brukast som forsterkning for bærebjelkane.





## MASTREVIK TORG - EIN TRIVLEG STAD FOR STORE OG SMÅ

- Daglegvare/post i butikk • Apotek • Klede/gull/gåver/glas • Kafe • Elektro/kvitevarer/belysning
- Barneklede • Bokhandel/leikar • Jernvarer/fargehandel • Båt- og fiskeutstyr • Bank/minibank
- Blomar • Gardiner/utstyrsvarer • Politi • Bensinstasjon/bilverkstad • Senterkontor 476 79 583

**Vi er sannsynligvis en av universets største uavhengige bilverkstedkjeder...**

Rune Austrheim  
Fosnøy Bilsenters AS  
Telefon: 56 16 75 50

Så vidt vi vet. All kunnskap og erfaring er samlet i vårt verksted. [www.fosbilsenter.no](http://www.fosbilsenter.no)

For everything your car needs.

## DIN RØRLEgger I DISTRIKTET !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!  
Når kvalitet og service teller



## MINI FRISØRSALONG

ønsker velkommen til gamle og nye kunder.  
Vi treffes på Åråshøgda 10.



Timebestilling:  
Mandag, Tirsdag, Torsdag og Fredag.  
Onsdag er stengt  
Telefon 56 16 92 00 / 95 21 46 16

Alla Kurinna og Rieko

*Tannlege  
Otto Førde  
i Mongstadkrysset*



Jeg tar imot nye pasienter  
og yter akutt hjelp.

**Telefon vakt 56 16 98 35**



**Panasonic  
Varmepumper**

5937 BØVÅGEN  
Mob. 481 31 534  
[byggboe@online.no](mailto:byggboe@online.no)

**Vatne  
Begravelsesbyrå**

GRAVFERDSSGRUPPEN

Vi kan hjelpe til med rådgivning og tilrettelegging ved begravelser og bisettelser.

**Ring døgnvakt:**  
**56 35 09 10**  
[www.vatne-byra.no](http://www.vatne-byra.no)  
Kvassnesvegen 11  
5914 Isdalsbø

## Gravminner

Norsk design og produksjon.  
Se utvalg på: [www.ostenstein.no](http://www.ostenstein.no)  
Ta kontakt for tilbud. Service.



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim  
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87

## BIBLIOTEKET - OPNINGSTID

### HOVUDBIBLIOTEKET:

Måndag og onsdag kl. 14.00 -19.00  
Tysdag og fredag kl. 10.00 -15.00  
Tlf.nr. 56 16 20 07

E-post: [bibliotek@austrheim.kommune.no](mailto:bibliotek@austrheim.kommune.no)

### FONNES FILIAL:

Torsdag:  
Skulebibliotek frå 11:30   
Biblioteket er ope til klokka 16:30  
Tlf.nr. 56 16 21 61  
E-post:  
[fonnes.bibliotek@austrheim.kommune.no](mailto:fonnes.bibliotek@austrheim.kommune.no)

## BASSENGET PÅ KALAND:

### OPNINGSTIDER:

Måndag kl. 17-18 Familie/born  
kl. 18-19 (foreldre med små  
born vert prioritert)  
kl.19-20 Pensionistar  
k. 20-21 Vaksne

Fredag kl. 17-21 for alle

Bassenge føl skuleruta  
og er stengd i skuleferiar.

Billettprisar: Vaksne kr. 40,-  
Born under 16 år kr 20,-



### ANNONSE I KYRKJEBAKKEN?

1/1 side + bakside	kr.1.000,-
3/4 – 2/3 side	kr. 750,-
1/2 side	kr. 500,-
1/3 side	kr. 350,-
1/4 side	kr. 250,-
Små annonser	kr. 150,-
Korte takkeannonser	er gratis.

## LEGEVAKT/ AMBULANSE

Akutthjelp lege **113** heile døgeret.

**Legevakt 116117**

### Austrheim legekontor

Tlf. 56 16 82 00  
Opningstider for publikum:  
kl.08.30 - 15.00.  
Telefontid: 08.30 - 12.00 og  
13.00 - 15.00.

## INGEN RESEPTBESTILLING MÅNDAGAR!

### Årås helsestasjonen

Åpningstider for publikum:  
kl 08.30- 15.00  
Helsesøster tlf. 56 16 82 11  
Jordmor:  
tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)  
Psykisk helse: tlf. 56 16 82 13

## NYE TELEFON NR. I PLEIE OG OMSORG :

Nordliheimen : 56 16 20 40

Nordliheimen/kjøkken:  
56 16 20 49

Vestlia: 56 16 20 55

Heimesjukepleien: 56 16 21 23  
(ring Nordliheimen etter kl. 15.30)



Vi leverer mat til alle anledninger,  
der du vil eller vi ordner lokaler

- Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte

Vi tilbyr også

- Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!

## Knüter CATERING

Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | [www.knutercatering.no](http://www.knutercatering.no)

## GRAVMINNER



Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen  
Man- fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.  
[www.lovaasnaturstein.no](http://www.lovaasnaturstein.no)



Oppussing av  
gravmonumenter

Utfører vasking,  
rensing  
og oppatmaling.

Gunnar Nilsen 414 39 887

# ÅRSFEST

Austrheim sokneråd innbyr alle til den årlege årsfesten  
onsdag 04.mars kl. 18.00 i kyrkjelydshuset.

Med oss i år vert Håvard Giezendammer som skal ha eit skråblikk på kyrkja,  
og prost Helge Taranrød.



I tillegg til vanlege årsmøtesaker og  
orientering om framdrift for utbetringane  
i kyrkja blir det og servert god  
kveldsmat.  
Du er hjarteleg velkommen.



## Kurs i tredreiing Løeloftet VESTTUN GARD

Helga 6 – 8. mars 2020 for ungdom: Frå 13 år og oppover  
Helga 20 – 22. mars 2020 for vaksne / senior

12 timer

Pris kr 600.- Material kjem i tillegg  
Påmelding til Mathias Sætre 91379306

## Temakveld kreft og alvorleg sjukdom Gleda ved fysisk aktivitet–

Måndag 23. mars 2020 Kl. 17.30 – 19-30  
Seniorsenteret Austrheim

Alle interesserte er velkommen til temakveld  
Helene Øydvin, dagleg leiar for Bergen  
og Hordaland Turlag & Helge S. Brekke – Knarvik  
Mila, heldt inspirerande innlegg kring gleda ved  
fysisk aktivitet knytt til alvorleg sjukdom

Rigmor Ludvigsen informerer frå frivillighetsentralen  
Aktuell litteratur og brosjyrer å få sjå evt. låne  
Kaffi/te/fruk

Arr: Austrheim Kommune  
v/ Kreftsjukepleiar Tove Kristin Sleire Tistel



# Diakonifest

Tysdag 11. februar arrangerte Diakoninemnda den årlege festen på Nordliheimen. Dessverre passa det ikkje for alle å vera med, men me som var der kosa oss. Det var mange som nemnde for prest Rune Minde at dei kjende foreldra hans. Han måtte difor fortelja om foreldra sine, og kva dei hadde betydd for han.  
Kjekt å høyra.

Deretter heldt han ei fin andakt. Finn og Birger kom også i år og song "frem fra glemselet-songar". Dette set alle pris på. Ikkje minst Borgfrid Brügger som kunne songane utanat, og song med. Til slutt gav ho dei to og diakoninemnda kvar sin rosebukett. Takk til deg, Borgfrid. Alle såg ut til å kosa seg med gode snittar og heimelaga lefser.

